| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter fullført emne har studentane kjennskap til hovudlinene i spansk grammatikk og uttale. I tillegg har dei fått ei første innføring i latinamerikansk litteratur og kultur. Dei har opparbeidd god leseevne og kan uttrykkja seg munnleg og skriftleg på eit enkelt akademisk spansk. SPLA100 gjev grunnlag for vidare studier i spansk språk og latinamerikansk litteratur og kultur. |
| Tilrådde forkunnskapar | Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skule. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen |
| Fagleg overlapp | SPLA100H |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Kurset går over heile haustsemesteret (12 veker) med minimum 4 timar undervisning i veka. Undervisningsformene vil vera førelesingar kombinert med gruppeundervisning. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer | Ein avsluttande skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamensspråket er spansk. |
| Karakterskala | Ved sensur nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (ca. 200 sider) vil vera på spansk, og vil innehalda utdrag frå oversiktsverk i spansk grammatikk og latinamerikansk kulturkunnskap, og ein lettlest roman. |
| Undervisningsstad | Bergen |

| | |
|---|---|
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studierettleiar@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA101** |
|---|---|
| Emnenamn | Spansk språk I |
| Name of course unit | Spanish Language I |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkje Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskilt eksamen. |
| Mål og innhald | SPLA101 omfattar grammatikk og praktisk språkbruk. Grammatikkstudiet gir ei grundig innføring i moderne spansk språk og i praktisk språkbruk. |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Gjennom grammatikkstudiet og kurset i praktisk språkbruk vinn studentane kunnskap om sentrale tema i og problemstillingar innan spansk språk, og øver seg opp i bruk av språket. Studentane er i stand til å bruka faglege kunnskapar på praktiske og teoretiske problemstillingar. Dei kan vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv. |
| Tilrådde forkunnskapar | Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset kunnskapar tilsvarande spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole. |
| Overlapp | SLAN611 (100 %) |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga i grammatikk blir gitt i form av førelesingar, normalt to timar i veka i tolv veker. Det blir undervist i sentrale delar av pensum. Praktiske øvingar i grammatikk er knytte opp til førelesingane.<br><br>Det blir normalt gitt gruppeundervisning med fokus på praktisk spansk to timar i veka i seks veker (tre grupper), dersom ressursane tillét det. |

| | |
|---|---|
| Obligatoriske arbeidskrav | Det er to obligatoriske oppgåver som må utførast innan fristen for den enkelte aktivitet. Aktivitetane blir vurderte som godkjent/ikkje godkjent. I tråd med UiB sitt grads- og studiereglement har studentane høve til å få eitt nytt forsøk per oppgåve om den eine eller begge ikkje vart godkjende ved første innlevering. Begge aktivitetane må vera godkjende før ein kan få vurdering i emnet. |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma er ein 6-timars skoleeksamen med spørsmål frå pensum.<br><br>For å kunna gå opp til eksamen må studentane ha fått godkjent dei obligatoriske aktivitetane som er nemnde under Obligatoriske arbeidskrav i undervisningssemesteret.<br><br>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på ~~alle~~ eksamensdagen~~ane~~. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene, t.d. lima/stifta saman grammatikkdelen. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| | |
|---|---|
| **Emnekode** | **SPLA102** |
| Emnenamn | Latinamerikansk litteratur |
| Name of course unit | Latin American Literature |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Haust |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskild eksamen. |
| Mål og innhald | Emnet gir kunnskapar om sentrale delar av spanskamerikansk litteratur med hovudvekt på det 20. hundreåret og – etter kvart – det 21. hundreåret. Kurset skal gi studentane eit breitt overblikk over moderne spanskamerikansk litteratur.<br><br>Studiet skal gi studentane eit oversyn over hovudtendensar i spanskamerikansk litteratur frå 1492 og fram til i dag. Studentane skal arbeida med eit representativt utval tekstar frå ulike nasjonallitteraturar, sjangrar og epokar, og utvikla ei analytisk forståing for eigenarten ved tekstane. Studiet skal gi innsyn i sentrale tema og problemstillingar innan spanskamerikansk litteratur. Studentane skal analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar. Dei skal kunna vidareutvikla kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter å ha greidd emnet har studenten:<br>• kunnskap om representative tekstar, sjangrar og straumdrag innan spanskamerikansk litteratur frå det 19. århundre og fram til i dag<br>• tileigna seg grunnleggjande tekstanalyse og utvikla evna til å lesa og tolka moderne litterære verk på spansk<br>• utvikla evna til å uttrykkja seg skriftleg og munnleg på spansk, både om litteraturfaglege emne og meir ålment |
| Tilrådde forkunnskapar | Undervisninga i SPLA102 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til 30 studiepoeng på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastuidiumer. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset spanskkunnskapar som svarar til 30 studiepoeng på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudiumer. |

| | |
|---|---|
| Overlapp | SLAN614 (100%), SLAN614H (10 stp overlapp) |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga er bygd opp av førelesingsrekkjer hovudsakleg på spansk, der pensumtekstane blir kommenterte. Det blir lagt vekt både på den litteraturhistoriske konteksten og på dei formelle og tematiske kvalitetane ved tekstane. Det blir dessutan arbeidd i mindre grupper med språk, innhald og andre sider ved pensumtekstane.<br><br>Det blir gitt førelesingar seks timar i veka i 12 veker. I tillegg blir det normalt gitt gruppeundervisning med fokus på tekstanalyse og skrivedugleik to timar i veka i fire veker om ressursane tillét det. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Det er tre obligatoriske oppgåver: eit kort samandrag av ein litterær tekst, ei innleiing til eit litteraturessay og ein tekstkommentar. Desse må utførast innan fristen for den enkelte aktivitet. Vurderingsforma er godkjent/ikkje godkjent.<br><br>I samsvar med UiB sitt grads- og studiereglement har studentane høve til å få eit nytt forsøk per oppgåve om ei eller fleire av dei ikkje vart godkjende ved fyrste innlevering. Alle dei tre aktivitetane må vera godkjende før ein kan ~~få~~ gå opp til vurdering i emnet. |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma er ein 6-timars skuleeksamen som blir skriven på spansk. Karakteren blir sett på grunnlag av både innhald og språk.<br><br>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på ~~alle~~ eksamensdagenane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 700 s.) er sett saman av eit utval romanar, noveller, og dikt frå tida etter at Latin-Amerika vart sjølvstendig. I tillegg kjem eit litteraturhistorisk referanseverk. Dette kan vera samla i eitt læreverk. Pensumutvalet har ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlege forfattarar. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA103** |
| --- | --- |
| Emnenamn | Latinamerikansk historie |
| Name of course unit | Latin American History |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB, og for lærarstudentar som har fått opptak gjennom samarbeidsavtale med høgskulane i UH-nett Vest.<br><br>Personar utan studierett kan søkja Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskild eksamen. |
| Mål og innhald | Studiet skal gi studentane oversyn over viktige utviklingstrekk og hendingar i latinamerikansk historie, slik at dei skal kjenna bakgrunnen for det Latin-Amerika me ser dag.<br><br>Studentane vinn innsyn i sentrale tema og problemstillingar innan fagområdet latinamerikansk historie. Vidare skal studentane analysera fagstoff og trekka eigne slutningar. Dei skal kunna vidareutvikla sin kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv. |
| Læringsutbyte/resultat<br><br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Studenten:<br>• har kunnskap om hovudtrekka i latinamerikansk historie<br>• har forståing for kva historiske faktorar som dannar bakgrunnen for aktuelle problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kultur<br>• har forståing for korleis ulike perspektiv pregar framstillingane av latinamerikansk historie og samfunn<br>• kan gjera greie for sentrale trekk og samanhengar i latinamerikansk historie<br>• kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i mindre skriftlige arbeid på eit klart og korrekt spansk språk med rett bruk av referansar og litteraturliste<br>• kan leggja fram munnleg på spansk kunnskap om sentrale problemstillingar i latinamerikansk historie |
| Tilrådde forkunnskapar | Spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset kunnskapar tilsvarande spansk innføringskurs eller spanskkunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole. |
| Overlapp | SLAN612 (100%) |

| | |
|---|---|
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Det blir undervist i sentrale delar av pensum i hovudsak i form av oversynsførelesingar. Særleg er det lagt vekt på at studentane skal forstå kva innverknad historiske utviklingstrekk og hendingar har hatt på utviklinga i Latin-Amerika. Totalt blir det gitt førelesingar fire timar i veka i 12 veker.<br><br>Det blir også normalt gitt gruppeundervisning to timar i veka i 12 veker, der ein diskuterer sentrale problemstillingar. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma i emnet er todelt:<br><br>3) Ein 7-dagars heimeeksamen (om lag 2000 ord) som blir skriven på spansk. Studentane kan velja mellom eit utval tema som blir gitt av lærarane. Karakteren blir sett på grunnlag av både innhald og språk.<br>4) Semesteret blir avslutta med ein munnleg eksamen der kandidaten held ein presentasjon (8-10 min.) av eit emne frå ein annan del av pensum enn det som gjeld for heimeeksamen. Tema for presentasjonen blir gitt av lærarane. Kandidaten vil òg få spørsmål frå resten av pensum.<br><br>Heimeeksamen skal vera greidd før ein kan ta munnleg eksamen i emnet, og både heimeeksamen og munnleg eksamen må vera greidde før det blir gitt studiepoeng for emnet. Kvar av dei to vurderingsdelane tel 50% i utrekninga av den samla karakteren. Det er høve til å ta den munnlege eksamenen inntil to semester etter at heimeeksamen er greidd. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 500 sider) kan inkludera oversynsverk, artiklar og kjeldetekstar. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| | |
|---|---|
| **Emnekode** | **SPLA104** |
| Emnenamn | Kultur og samfunn i Latin-Amerika |
| Name of course unit | Culture and Society in Latin-America |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Haust |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. |
| Mål og innhald | Studiet gir innsyn i tre til fire ulike emne som gjeld kultur og samfunn i dei spansktalande landa i Latin-Amerika. Kva emne ein vel å fordjupa seg i, vil verta fastlagt av emneansvarleg og vil variera frå år til år.<br><br>Studentane skal vinna kunnskap om nokre sentrale tema og problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kulturar. Dei skal analysera fagstoff og trekkja eigne slutningar. I tillegg skal dei utvikla evna til å skjøna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg. |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Studenten:<br>• har innsikt i tre til fire aktuelle problemstillingar i dagens latinamerikanske samfunn og kulturar<br>• har forståing for korleis ulike perspektiv pregar framstillingane av dei latinamerikanske samfunna<br>• kan gjera greie for nokre sentrale trekk og samanhengar i dagens latinamerikanske samfunn og kulturar<br>• kan demonstrera kunnskap og evne til fagleg drøfting i skriftlige arbeid på eit klart og korrekt spansk språk med rett bruk av referansar og litteraturliste |
| Tilrådde forkunnskapar | Undervisninga i SPLA104 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til 30 studiepoeng på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~um~~er. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset spanskkunnskapar som svarar til 30 studiepoeng på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~um~~er. |
| Overlapp | SLAN613 (100 %) |
| Undervisning og omfang<br>• Type | Undervisninga er basert på førelesingar, gruppeundervisning og konversasjon, og legg derfor til grunn at studentane tar aktivt del i |

| | |
|---|---|
| • Timar pr veke<br>• Veker | undervisningstilbodet. Det blir gitt førelesingar to timar i veka i 12 veker, og gruppeundervisning to timar i veka i 12 veker, normalt organisert som blokkundervisning. |
| Obligatoriske arbeidskrav | ~~Studentane skal møta til ei obligatorisk rettleiing i samband med skrivinga av semesteroppgåva. Rettleiing per e-post/tlf. blir ikkje gitt.~~<br><br>Studentane skal ha ein munnleg presentasjon på 5 minuttar og ein kunnskapstest på 1 time i løpet av semesteret. Begge deler vert gjennomført i samband med undervisninga, og studentane vil tidleg i semesteret få melding om kva datoar som er aktuelle. Studentane skal i tillegg møta til ei obligatorisk rettleiing i samband med skrivinga av semesteroppgåva. Rettleiing per e-post/tlf. blir ikkje gitt.<br><br>Alle dei obligatoriske arbeidskrava må vera godkjende for å kunna levera semesteroppgåve.<br><br>Obligatoriske arbeidskrav er gyldige berre i undervisningssemesteret. |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma er ei semesteroppgåve på om lag 2500 ord skriven på spansk. Studentane kan velja tema for oppgåva frå ei liste utarbeidd av emneansvarleg. Karakteren blir sett på grunnlag av både innhald og språk. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 600 sider) kan vera sett saman av oversynsverk, artiklar og anna fagstoff, og vil variera etter kva tema kurset fokuserer på. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA105** |
|---|---|
| Emnenamn | Spansk språk II |
| Name of course unit | Spanish Language II |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Haust |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. |
| Mål og innhald | SPLA105 omfattar grammatikk, fonetikk og praktisk språkbruk. Emnet byggjer på SPLA101.<br><br>Grammatikkstudiet gir ei grundig innføring i moderne spansk grammatikk og syntaks med særleg fokus på skilnader mellom norsk og spansk. Fonetikkstudiet gir ei innføring og fordjuping i moderne spansk fonetikk, med særleg vekt på latinamerikanske språkvariantar. Det blir òg gitt ei innføring i fonetisk teori og metode.<br><br>I tillegg blir det praktiske øvingar i språkbruk, medrekna omsetjing til og frå norsk. |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Gjennom grammatikkstudiet og kurset i praktisk språkbruk vinn studentane kunnskap om og øver seg opp i bruk av spansk grammatikk og syntaks, og kan bruka denne kunnskapen i praksis, gjennom produksjon av eigne tekstar og omsetjing til og frå norsk.<br><br>Etter fullført fonetikkstudium har studentane ei grundig oversikt over dei ulike fonetiske variantane i spansk språk, og dei kan identifisera desse variantane. Dei kan vidareutvikla kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.<br><br>Det er tilrådd å ta SPLA105 som eitt av fire emne på 100-nivå for opptak til PPU. |
| Tilrådde forkunnskapar | Studentane bør ha fullført EXFAC00SK Språk og kommunikasjon og SPLA101 Spansk språk I eller ha tilsvarande kunnskapar. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og føreset spanskkunnskapar som svarar til SPLA101. |
| Overlapp | SLAN640 (100 %) |

| | |
|---|---|
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga i grammatikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i 12 veker.<br>Det blir undervist i sentrale delar av pensum og oppgåveløysing.<br>Praktiske øvingar i grammatikk er knytte opp til førelesingane.<br><br>Undervisninga i fonetikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i 12 veker. Det blir undervist i sentrale delar av pensum.<br>Praktiske øvingar i fonetikk er knytte opp til førelesingane.<br><br>Det blir gitt gruppeundervisning med fokus på praktisk spansk to timar i veka i seks veker (3 grupper). |
| Obligatoriske arbeidskrav | I løpet av semesteret skal studentane skriva tre oppgåveutkast; eitt i fonetikk, eitt i grammatikk og eitt i praktisk spansk, som dei til fastsette fristar skal levera til lærarane via KARK for kommentar.<br><br>Obligatoriske arbeidskrav er gyldige berre i undervisningssemesteret. |
| Vurderingsformer | Mappevurdering. Eksamen vert arrangert berre i undervisningssemesteret.<br><br>Studentane skal arbeida vidare med to av utkasta nemnde under obligatoriske arbeidskrav og levera endeleg versjon av desse oppgåvene saman med eit refleksjonsnotat i ei endeleg mappe på slutten av semesteret, og denne mappa utgjer vurderingsgrunnlaget for emnet. Refleksjonsnotatet skal vera på om lag 2400 ord og skal skrivast på spansk. Mappa får ein samla karakter som blir sett på grunnlag av både innhald og språk. Kvar av dei to oppgåvene tel lik i den samla karakteren. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA201** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i spansk språk |
| Name of course unit | Studies in Spanish Language |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.<br><br>Personar utan studierett kan søkja Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskild eksamen. |
| Mål og innhald | SPLA201 er eit fordjupingsemne i spansk språk på 15 studiepoeng. Grammatikk, med særleg vekt på latinamerikanske variantar, blir gitt kvart undervisningssemester. Semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori vil rotera mellom dei ulike semestra. |
| Læringsutbyte/resultat<br><br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Ved fullført emne har studenten<br><br>• gode kunnskapar i spansk, samt djupare innsikt i nokre utvalde emne relaterte til spansk grammatikk (morfologi, syntaks og pragmatikk).<br>• evne til å analysera spansk språkstruktur og gjera greie for spanske grammatiske emne.<br>• djupare innsikt i språkvitskapleg teori og metode.<br>• kunnskap om ulike variantar innanfor spansk språk. |
| Tilrådde forkunnskapar | SPLA201 baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~er. Undervisninga byggjer vidare på SPLA101. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~er. |
| Overlapp | SPLA251, SLAN640 |
| Undervisning og omfang<br><br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga er samansett av førelesingar, seminar og gruppeøvingar. Det blir gitt grammatikkførelesingar to timar i veka i 12 veker, førelesingar i El español de América to timar i veka i 12 veker og gruppeøvingar to timar i veka i seks veker. Studentane lyt ta aktivt del i seminara og gruppeøvingane, mellom anna med skriftlege oppgåver og munnlege innleiingar. Undervisninga går |

| | |
|---|---|
| | saman med SPLA251. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma er ein 6-timars skriftleg skoleeksamen med oppgåver frå båe pensumdelar. Dei to oppgåvene veg likt når karakteren blir sett. For at studenten skal få ståkarakter i emnet må oppgåver frå begge pensumdelar vera vurderte til ståkarakter.<br><br>Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte.<br><br>Studentane kan på eksamensdagen nytta eitt språkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Fast pensum er<br>• Nueva gramática de la lengua española. MANUAL. Asociación de las Academias de la lengua española. (MNGLE)<br>• Quesada Pacheco, M.: El Español de América (EdA) |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA251** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i spansk språk med bacheloroppgåve |
| Name of course unit | Studies in Spanish Language with bachelor *thesis* |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. |
| Mål og innhald | SPLA251 er eit fordjupingsemne i spansk språk på 15 studiepoeng. Grammatikk, med særleg vekt på latinamerikanske variantar, blir gitt kvart undervisningssemester. Semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori vil rotera mellom dei ulike semestra. |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Ved fullført emne har studenten<br>• gode kunnskapar i spansk, samt djupare innsikt i nokre utvalde emne relaterte til spansk grammatikk (morfologi, syntaks og pragmatikk).<br>• evne til å analysera spansk språkstruktur og gjera greie for spanske grammatiske emne.<br>• djupare innsikt i språkvitskapleg teori og metode.<br>• kunnskap om ulike variantar innanfor spansk språk. |
| Tilrådde forkunnskapar | SPLA251 baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~er. Undervisninga byggjer vidare på SPLA101. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~er. |
| Overlapp | SPLA201, SLAN640 |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga er samansett av førelesingar, seminar og gruppeøvingar. Det blir gitt grammatikkførelesingar to timar i veka i 12 veker, førelesingar i El español de América to timar i veka i 12 veker og gruppeøvingar to timar i veka i seks veker. Studentane lyt ta aktivt del i seminara og gruppeøvingane, mellom anna med skriftlege oppgåver og munnlege innleiingar. Undervisninga går saman med SPLA201. |

| | |
|---|---|
| Obligatoriske arbeidskrav | Den rettleidde bacheloroppgåva som blir omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det blir sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/tlf. blir normalt ikkje gitt.<br><br>Obligatoriske arbeidskrav er gyldige berre i undervisningssemesteret. |
| Vurderingsformer | Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 12 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om det pensum frå SPLA251 ein ikkje har skrive oppgåve i (Grammatikk/El español de América), der òg oppgåva kan trekkjast inn. Samtalen varer i om lag 20 minutt.<br><br>To studentar kan velja å gå saman om å skriva éi oppgåve, og oppgåva skal i så fall vera på 15 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Det blir gitt ein felles karakter på oppgåva, men studentane får individuell munnleg eksamen.<br><br>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel båe 50 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA251. Båe eksamensdelane må vere greidde i same semester.<br><br>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med 250-kode i same semester. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Fast pensum<br><br>• Nueva gramática de la lengua española. MANUAL. Asociación de las Academias de la lengua española. (MNGLE)<br>• Quesada Pacheco, M.: El Español de América (EdA)<br>I tillegg kjem om lag 100 sider lingvistiske artiklar som tilrådd |

| | |
|---|---|
| | støttelitteratur. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA202** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i latinamerikansk litteratur |
| Name of course unit | Studies in Latin American Literature |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskild eksamen. |
| Mål og innhald | SPLA202 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 15 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.<br><br>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande. Ein kan henta temaet i tekstutval frå 1492 og fram til vår eiga tid.<br><br>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor faget og djupnekunnskapar innafor eit avgrensa område. Dei skal kunna arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar.<br><br>Studentane skal kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte. |
| Læringsutbyte/resultat<br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter å ha greidd emnet har studenten:<br>• oppnådd utdjupande kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan spanskamerikansk litteratur<br>• oppnådd større innsyn i kontekstuelle samanhengar, litterært og kulturelt<br>• evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan spanskamerikansk litteratur<br>• vidareutvikla den språklege kompetansen, særlig med omsyn til å gjera greie for litterære, kulturelle og fagleg meir samansette spørsmål<br>• kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i latinamerikastudier (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne) |
| Tilrådde forkunnskapar | SPLA202 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~. Undervisninga byggjer vidare på SPLA102. |

| | |
|---|---|
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~. |
| Overlapp | SPLA252, SLAN641 |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga er organisert som seminar, og går over 12 veker, med 4 undervisningstimar i veka. Undervisninga går saman med undervisninga på SPLA252. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer | Vurderingsforma er ein 6-timars skriftleg skoleeksamen. Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte.<br><br>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på ~~alle~~ eksamensdagen~~ane~~. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk, og dessutan litteraturvitskaplege og -historiske tekstar knytte til desse.<br>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Det kan i særskilte høve bli gitt løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.<br>Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlege forfattarar. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA252** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgåve |
| Name of course unit | Studies in Latin American Literature with bachelor thesis |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. |
| Mål og innhald | SPLA252 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 15 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.<br><br>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande. Ein kan henta temaet i tekstutval frå 1492 og fram til vår eiga tid.<br><br>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor faget og djupnekunnskapar innafor eit avgrensa område. Dei skal kunna arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar.<br><br>Studentane skal kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte. |
| Læringsutbyte/resultat<br><br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter å ha greidd emnet har studenten:<br>• oppnådd utdjupande kunnskap om eit tematisk avgrensa emne innan spanskamerikansk litteratur<br>• oppnådd større innsyn i kontekstuelle samanhengar, litterært og kulturelt<br>• evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan spanskamerikansk litteratur<br>• vidareutvikla den språklege kompetansen, særlig med omsyn til å gjera greie for litterære, kulturelle og fagleg meir samansette spørsmål<br>• kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i latinamerikastudier (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne) |
| Tilrådde forkunnskapar | SPLA252 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~er. Undervisninga byggjer vidare på SPLA102. |

| | |
|---|---|
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudiumerer. |
| Overlapp | SPLA202, SLAN641 |
| Undervisning og omfang<br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Undervisninga er organisert som seminar og går over 12 veker, med 4 undervisningstimar i veka. Undervisninga går saman med undervisninga på SPLA202. I tillegg kjem individuell rettleiing i samband med utarbeiding av oppgåve. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Den rettleidde oppgåva som blir omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det blir sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/tlf. blir normalt ikkje gitt.<br><br>Obligatoriske arbeidskrav er gyldige berre i undervisningssemesteret. |
| Vurderingsformer | Ei rettleidd bacheloroppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 12 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.<br><br>To studentar kan velja å gå saman om å skriva éi oppgåve, og oppgåva skal i så fall vera på minst 15 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Det blir gitt ein felles karakter på oppgåva, men studentane får individuell munnleg eksamen.<br><br>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel både 50 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA252. Både eksamensdelane må være greidde i same semester.<br><br>Vurderingsforma rettleidd bacheloroppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med 250-kode i same semester. |

| | |
|---|---|
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk, og dessutan litteraturvitskaplege og -historiske tekstar knytte til desse.<br>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Det kan i særskilte høve bli gitt løyve til å leggja opp pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk. Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlege forfattarar. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA203** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap |
| Name of course unit | Studies in Latin American Culture |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.<br><br>Personar utan studierett kan søkja Det humanistiske fakultet om å få gå opp til særskild eksamen. |
| Mål og innhald | SPLA203 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 15 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester. Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka sine kunnskapar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis.<br><br>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Ein kan henta emnet i eit tekstutval frå perioden 1492 og fram til vår eiga tid. Studentane skal sjølvstendig kunna halda |

| | |
|---|---|
| | fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering. |
| Læringsutbyte/resultat<br><br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter å ha greidd emnet har studenten:<br>• oppnådd utdjupande kunnskap om eit emne innan latinamerikansk kulturkunnskap<br>• forståing for korleis det aktuelle emnet pregar den latinamerikanske røynda<br>• evne til å gjera greie for korleis det aktuelle emnet heng saman med sentrale trekk i latinamerikansk historie og kulturkunnskap<br>• evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan latinamerikansk kulturkunnskap<br>• utvikla den språklege kompetansen sin, særlig med omsyn til å tolka ulike spanske tekstar<br>• kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i latinamerikansk kulturkunnskap (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne). |
| Tilrådde forkunnskapar | SPLA203 legg til grunn spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~. Undervisninga byggjer vidare på SPLA103. |
| Krav til forkunnskapar | Ingen formelle krav, men all undervisninga skjer på spansk og baserer seg på spanskkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudi~~umer~~. |
| Overlapp | SPLA253, SLAN642 |
| Undervisning og omfang<br><br>• Type<br>• Timar pr veke<br>• Veker | Studietilbodet inneheld både førelesingar, diskusjons- og skriveseminar. Undervisninga går saman med SPLA253. Tal på førelesingar er to timar i veka i 12 veker. Det blir dessutan gitt seminar to timar i veka i 12 veker. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Ingen |
| Vurderingsformer | Ein 6-timars skriftleg skoleeksamen. Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte.<br><br>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på ~~alle~~ eksamensdag~~enane~~. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene. |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk. |
| Læremiddelomtale | Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitskaplege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse. Det kan i særskilte høve bli gitt løyve til å leggja opp |

| | |
|---|---|
| | pensum frå tidlegare semester, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk. |
| Undervisningsstad | Bergen |
| Emneevaluering | Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikrings-system. |
| Kontaktinformasjon | studieveileder@if.uib.no |

| **Emnekode** | **SPLA253** |
|---|---|
| Emnenamn | Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap med bacheloroppgåve |
| Name of course unit | Studies in Latin American Culture with Bachelor Thesis |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Vår |
| Undervisningsspråk | Spansk |
| Studienivå | Bachelor |
| Krav til studierett | Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. |
| Mål og innhald | SPLA253 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 15 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester. Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka sine kunnskapar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis.<br><br>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Ein kan henta emnet i eit tekstutval frå perioden 1492 og fram til vår eiga tid. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering. |
| Læringsutbyte/resultat<br><br>• Kunnskap<br>• Dugleik<br>• Grunnkompetanse | Etter å ha greidd emnet har studenten:<br>• oppnådd utdjupande kunnskap om eit emne innan latinamerikansk kulturkunnskap<br>• forståing for korleis det aktuelle emnet pregar den latinamerikanske røynda<br>• evne til å gjera greie for korleis det aktuelle emnet heng saman med sentrale trekk i latinamerikansk historie og kulturkunnskap<br>• evne til å bruka relevante analyseverktøy for å tolka ulike problemstillingar innan latinamerikansk kulturkunnskap<br>• utvikla den språklege kompetansen sin, særlig med omsyn til å tolka ulike spanske tekstar<br>• kompetanse til å halda fram med eit masterprogram i latinamerikansk kulturkunnskap (etter også å ha fullført andre obligatoriske og/eller valfrie fordjupingsemne). |
